


LANDSKAPSANALYSE

Eidsnes

LINDÅS KOMMUNE



Versjon 1
03.05.12



Bergen mail 2012

1	Innleiing	2
2	LANDSKAPSKARAKTER.....	4
2.1	LANDSKAPETS HOVUDFORM.....	5
2.2	LANDSKAPETS SMÅFORMER	6
2.3	VATN OG VASSDRAG	7
2.4	VEGETASJON OG JORDBRUKSMARK	8
2.5	BYGDE STRUKTURAR	9
3	INFLUENSOMRÅDE	11
4	TOPOGRAFI	13
5	LANDSKAPSROM.....	14
6	KONKLUSJON OG TILRÅDING	16

1 Innleiing

Landskapsdefinisjon

'Landskap betyr et område, slik folk oppfatter det, hvis særpreget er et resultat av påvirkningen fra og samspillet mellom naturlige og menneskelige faktorer. (Den europeiske landskapskonvensjon, 2000)

Landskapsanalysen skildrar landskapstypen og kva toleevne/sårbarheit denne har i forhold til fysiske inngrep. Det skal gjerast ei kortfatta, overordna vurdering av landskapsverdien til landskapstypen. Denne er grunnlaget for ei avsluttande tilråding om tilrettelegging for tiltak utifrå landskapsomsyn.

Vurderingane kring landskap er gjort på bakgrunn av:

1. Landskapskarakter
2. Influensområde
3. Topografi
4. Landskapsrom




Figur 1 Flyfoto over Eidsnes (Kartivest, 2011).

Figuren viser planområdet og kva som fins av vegetasjon, bygde strukturar og veg.

2 LANDSKAPSKARAKTER

Landskapet ved Eidsnes innehold element frå 1 landskapsregion, jamfør nasjonalt referansesystem for landskap (NIJOS / Skog og landskap):



Figur 2 Landskapsregionen i planområdet er Ytre fjordbygder på Vestlandet

Landskapsregionen 'Ytre fjordbygder på Vestlandet' er underinndelt i landskapstyper i kartleggingsrapporten:

1. Landskapstyper ved kyst og fjord i Hordaland (NIJOS rapport 10/2004)

Denne rapporten viser at Eidsnes og kringliggende landskap er registrert med 1 landskapsregion og 1 landskapstype:

Landskapsregion 21: YTRE FJORDBYGDER PÅ VESTLANDET (utgjør 100 % av planområdet)

Underregion: Indre Bergensbuene

Landskapstype 21-8. Åslandskap

Landskapskarakteren vert fastsett ut frå ei vurdering av:


1. Landskapets hovudform

2. Landskapets småformer
3. Vatn og vassdrag
4. Vegetasjon
5. Jordbruksmark
6. Bebyggelse og teknisk anlegg

2.1 LANDSKAPETS HOVUDFORM

Landskapets hovudform vert vekta med stor betydning for landskapskarakteren i landskapstypen

Landskapstypen som fins på og kring Eidsnes er særprega av at bergartane har blitt forma til langsmale åsryggar og kollar. Typiske åsar er brattkanta mot vest og slakare austside. Den langstrakte formstrukturen vert mindre framtrедande nordover i Lindås.



Figur 3
Planområdet si plassering i Bergensbuene (raud sirkel).

Innanfor planområdet kan ein sjå konturane av dei store landformene ved at terrenget skråar søraustover mot fjorden, som retninga på Bergensbuene.



Figur 4 Planområdet skrår ned mot fjorden

2.2 LANDSKAPETS SMÅFORMER

Landskapets småformer vert vekta med liten betydning for landskapskarakteren i landskapstypen

Planområdet grensar opp mot eit høgare parti i aust (Mannshjelle) og nordanfor går eit søkk i nordaust-sørvestleg retning. Planområdet ligg såleis på ei kolleform i landskapet.



Figur 5 Planområdet ligg i sida på ei kolleform i landskapet

Det er stor variasjon i førekomsten av lausmassar i planområdet. Langs strandlina er det hovudsakleg berg i dagen, og elles er jordsmonnet skrint. Småformene er lite framtreddande og tett vegetasjon dekker mange av småformene.



Figur 6 Småformene i planområdet er mykje dekt av vegetasjon og er lite framtreddande

2.3 VATN OG VASSDRAG

Vatn og vassdrag vert vekta med liten betydning for landskapskarakteren i landskapstypen

Vurderingane i samband med vatn og vassdrag er knytt til ferskvatn som vatn og bekkefar. I planområdet fins det svært lite bekkefar og opne vassflater. Førekomstane er ikkje av ein storleik som gjer at dei har betydning for planområdets landskapskarakter.

2.4 VEGETASJON OG JORDBRUKSMARK

Vegetasjon vert vekta med stor betydning for landskapskarakteren i landskapstypen

Planområdet er typisk for landskapstypen ved at vegetasjonen er stadvis svært tett. Barskog dominerer i skogsområda, men det fins også noko blandingsskog. Her fins ein variasjon mellom bart berg, feltsjikt med lyngvegetasjon og høge tre.



Figur 7 Vegetasjonsbiletet i planområdet

Det er føreteke ein del flatehogst i planområdet, og mykje tømmer ligg lagra her. I vest står det framleis tett skog, og denne strekker seg langs planområdet si heile vestsida og ned mot sjøen i sør. Fjerning av skog og vegetasjon vil endre noko av landskapskarakteren, men på grunn av tettleiken vil det vere rom for tiltak utan at det store landskapsbiletet vert forringa.

Det er ikkje jordbruksmark innanfor planområdet.




Figur 8 Tømmeroppbevaring i planområdet

2.5 BYGDE STRUKTURAR

Bygde strukturar vert vekta med stor betydning for landskapskarakteren i landskapstypen

Figuren viser dei bygde strukturane i planområdet. I tillegg til den enkle grusvegen fram til området, er det berre to lagerbygg og kaia som fins av bygde strukturar.

Kai og utfylling i sjø ligg i den delen av planområdet som er mest eksponert mot fjorden. Preget dette set på landskapsbiletet gir området ei noko høgare toleevne for tiltak enn om planområdet hadde vore urørt strandsone.




Figur 9 Bygde strukturar (innanfor raud strek) i planområdet per april 2012

3 INFLUENSOMRÅDE

Den visuelle effekten av landskapsendring knytt til moglege tiltak innanfor planområdet vil kunne strekke seg utover plangrensa. Det er difor definert eit influensområde for reguleringsplanen. Dette vil seie ei yttergrense for den næraste horisonten til planområdet.

Grensa for influensområdet er i hovudsak basert i topografi, det vil seie at ein dreg grenselinja langs toppane i det kringliggende landskapet. Dette er den ytre grensa for kor det kan vere fysisk mogleg å sjå landskapsendring, men influensområdet er ikkje korrigert for mindre landskapselement som kan ha skjermende effekt; høg vegetasjon, skrentar, større bygningar og liknande. Influensområdet er vist på figuren under:



Figur 10 Influenssone for reguleringsplanen markert med blå strek

Figuren viser at det i influensområdet i hovudsak strekker seg mot sørvest og søraust. Fjordlandskapet sør for planområdet er opent, med direkte visuell kontakt mot andre sida av fjorden. Det er etablert ein del einbustader på fjordsida sør for planområdet, men tiltak i planområdet er mest synleg for dei som ferdast på fjorden. Dette er sjølvstøtt avhengig av tiltakets volum og storleik.




Figur 11 Fjordlandskapet er opent sør for planområdet.

4 TOPOGRAFI

Kartet under viser stor variasjon i ulike brattleiksgrader. Her får ein fram landskapstypen sine karakteristiske trekk med skrånande, kupert terreng. Midt i planområdet er landskapet blitt terrassert i samband med utbygging.

Konklusjon brattleik

Utifrå risiko- og sikkerheitsmessige omsyn er det generelt ikkje anbefalt å bygge i terreng med fall brattare enn 1:3. Ein bør også unngå skrentar og toppunkt i og ved planområdet.



Figur 12 Brattleiken i planområdet. Mørke felt er bratte, og lyse felt er slakare.

Som figuren viser, er planområdet brattast mot vest, og svabergkysten kan enkelte stader gå bratt i sjøen. Det utfylte kaiområdet er flatt, saman med området med lagerbygg.



Figur 13 Svabergkysten i planområdet er stadvis bratt


5 LANDSKAPSROM

Landskapsromma si hovudinndeling går mellom fjordløpet og landskapsdraga opp på landsidene. Det største landskapsrommet innanfor planområdet har si avgrensing i høgdadraga i vest og aust. Terrenget skråar sørover mot fjorden, og dette gir landskapsrommet ei halv skålforn. Sjølve forma er ikkje framtrethane når ein går i terrenget på grunn av delvis mykje skog og tett vegetasjon.

På grunn av planområdet si halve skålforn som vender seg mot fjorden, ligg mesteparten av arealet innanfor eitt hovudlandskapsrom som strekker seg frå nordaust og eit stykke ut på fjorden. Innanfor dette (i hovudsak), ligg to mindre landskapsrom mot nordaust og sør i planområdet (sjå figur). Deira avgrensing er i stor grad terrengformer og skogsbyn.

Det sørlegaste, mindre landskapsrommet er det mest eksponerte og fell saman med det overordna landskapsrommet si orientering mot fjorden, der romma har del av si golvflate.

Det mindre landskapsrommet i nord er ein smal korridor som følger veglinja og sidearealet.



Figur 14 Overordna landskapsrom markert med svart, stipla strek. Mindre, interne rom markert med lilla linje.

6 KONKLUSJON OG TILRÅDING

Landskapstypen i planområdet er ikkje sjeldan eller spesielt sårbar ut frå karakter og innhald. Hovudformene i landskapet skrår mot sør, slik at planområdet vert eksponert mot fjorden. Dei små landformene har eit meir variert preg og har noko høgare toleevne for å ta opp i seg endring. Dette gjeld derimot i mindre grad for det sørlege, mindre landskapsrommet mot kaia på Eidsnes. Det opnar seg mot fjorden på same måte som dei overordna, skrånande strukturane.


Sidan fjordløpet ved Eidsnes ikkje har øyer og har ei viss breidd, vil siktlinjene sørover frå planområdet vere lange og noko sårbart for inngrep. Den halve skålforma til planområdet kjem av at det er omkrinsa av fjellskrentar og høgdedrag, slik at det ligg litt skjerma for innsyn frå aust og vest. Dette, saman med dei etablerte byggetiltaka og kaia, gir planområdet noko større toleevne for bygging enn om arealet hadde vore urørt. Vegframføringa ligg allereie skjult i terrenget, sett frå fjorden.

Tilråding:

Dei mørkaste områda i helningskartet bør vurderast som for bratte til tiltak. På grunn av planområdets sørlege del si eksponering mot fjorden, bør ein ivareta terrengformer og skog som skjermar kaiområdet for innsyn frå aust og vest. Nordlege del av planområdet har større absorpsjonsevne for tiltak på grunn av interne terrengvariasjonar og flatare parti som ikkje ligg særleg eksponert i dei store landskapsformene/rommet.

I tillegg til tilrådinga om å ikkje bygge i dei brattaste partia (sjå helningskart), skisserer figur 15 ei landskapsmessig tilråding i høve 2 typar sone:

- Arealet innanfor grøn strek og grøn flate kan byggast ut, med føresetnad om god tilpassing til terreng og eksisterande landskapskvalitetar.
- Areala innanfor svart linje med grå flate bør ligge mest mogleg urørt, slik at det kan fungere som skjerm mot innsyn frå fjordsida i det overordna landskapsbiletet.



Figur 15 Tilråding for videre utvikling



LANDSKAPSANALYSE

Reguleringsplan Eidsnes Lindås kommune

Utarbeidet av:
Opus Bergen AS
Strandgaten 59
5004 Bergen
tlf: 55 21 41 50
faks: 55 21 41 60
www.opus.no

Prosjektnummer:
P11061

Oppdragsansvarlig:
Kari Olrich Sørebo

Medarbeidere:
Taral Zahl Jensen

Omslagsillustrasjon:
Opus Bergen AS

Mai 2012

